Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar, som vert betalt tilbake innan eit år, er klassifisert som omløpsmiddel. Tilsvarande kriterium er lagt til grunn ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld.

Anleggsmiddel er aktivert til kostpris, men blir skrive ned til verkeleg verdi når fall i verdi ikkje er forventa å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Langsiktig gjeld blir ikkje skrive opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Kortsiktig gjeld er skrive opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

**SALSINNTEKTER**
Inntektsføring ved sal av kraft/varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved utføring.

**NÆRSTÅANDE PARTAR**
Frå eigaren, Skjåk kommune, forvaltar elverket ei kraftmengde på totalt 125,4 GWh i 2020. Det er inngått avtaler om kraftforvaltning.

**VARIGE DRIFTSMIDDEL**
Varige driftsmiddel er avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivingane er som hovudregel fordelt lineært over resterande økonomisk levetid.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god regnskapsskikk for små foretak i Norge.

**HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGEDELAR OG GJELD**
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar, som vert betalt tilbake innan eit år, er klassifisert som omløpsmiddel. Tilsvarande kriterium er lagt til grunn ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld.

Anleggsmiddel er aktivert til kostpris, men blir skrive ned til verkeleg verdi når fall i verdi ikkje er forventa å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Langsiktig gjeld blir ikkje skrive opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Kortsiktig gjeld er skrive opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

**SALSINNTEKTER**
Inntektsføring ved sal av kraft/varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved utføring.

**NÆRSTÅANDE PARTAR**
Frå eigaren, Skjåk kommune, forvaltar elverket ei kraftmengde på totalt 125,4 GWh i 2020. Det er inngått avtaler om kraftforvaltning.

**VARIGE DRIFTSMIDDEL**
Varige driftsmiddel er avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivingane er som hovudregel fordelt lineært over resterande økonomisk levetid.

**ANDRE ANLEGGSAKSJAR OG DELAR**
Anleggsaksjar, der Skjåk Energi ikkje har betydeleg innverknad, skal førast i balansen til kostpris. Investeringane blir skrive ned til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre overskotsutdelingar frå selskapa vert ført som andre finansinntekter.

**LAGER**
Lager av målarar og beredskapsmateriell vert vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og verkeleg verdi.

**FORDRINGAR**
Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for resten av kundefordringar gjort ein uspesifisert avsetnad for å dekke mogleg tap.

**VALUTA**
Balansepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen på balansedagen.

**SKATT**
Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte.

*NATURRESSURSSKATT*
Naturressurskatt er ein skatt som er uavhengig av overskotet og vert utrekna av det enkelte kraftverk sin gjennomsnittleg produksjon dei siste sju åra. Skattesatsen er sett til 1,3 øre/kWh. Naturressursskatten vert utlikna mot overskotsskatten.

*GRUNNRENTESKATT*
For kraftproduksjon er det i tillegg innført ein særskilt grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten erl 37,00 % i 2020. Med utgangspunkt i det enkelte kraftverk blir salsinntekt rekna ut frå året sin timesoppløyste spotmarknadspris multiplisert med produksjon i dei tilhøyrande periodar. Det blir ikkje gjort frådrag for gjeldsrenter. I staden blir det gjeve frådrag for ei friinntekt som blir rekna ut frå gjennomsnittlege skattemessige verdiar på driftsmiddel multiplisert med ein normrente. Normrenta blir fastsett årleg. Grunnrenteinntekta vil vere sterkt stigande over kraftverket si levetid, fordi skattemessige avskrivingar og friinntekt blir redusert og etter kvart fell bort. Det vert berekna utsett skatt på grunnlag av midlertidige forskjellar knytt til kraftproduksjonen. Utsett skatt er berekna med 37,00 % for dei midlertidige forskjellane 31.12.2020 og 31.12.2019.

**EIGEDOMSSKATT**
Eigedomsskatten utgjer 0,7 % av ein berekna eigedomsskattetakst.
Eigedomsskattegrunnlaget for nett og fiberanlegg er ein skattetakst utarbeida av kommunen. Eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk utgjer det høgaste av ein noverdi basert blant anna på normert inntekt for kraftanlegget og ein alternativ verdi basert på gjennomsnittleg produksjonsevne for kraftanlegget multiplisert med ein sats frå 0,95 til 2,74 kr/kWh.
Eigedomsskatt er presentert som ein driftskostnad i resultatrekneskapen.

**OFFENTLEGE TILSKOTT**
Offentlege tilskot vert rekneskapsført til verkeleg verdi når det er rimeleg sikkerheit for at tilskotet vil bli motteke og at elverket oppfyller vilkåra knytt til tilskotet.
Offentlege tilskot knytt til framtidige vert ført i balansen og resultatført i den perioden som gjev best samanstilling med kostnadane dei er meint å kompensere. Offentlege tilskot knytt til kjøp av varige driftsmiddel er ført til frådrag i kostpris og vert resultatført lineært over forventa levetid på dei eigedelar som tilskotet gjeld i form av lågare avskrivingar.

**ANLEGGSBIDRAG**
Anleggsbidrag til investeringar i linenettet frå det offentlege og private går til frådrag på aktiverte verdiar. Anleggsbidrag vert på den måten fordelt over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivingar.

**SEGMENTINFORMASJON**
Selskapet si verksemd omfattar omsetnad av kraft, deleigde verk; Øyberget kraftverk, Framruste kraftverk og Skjåk 1 kraftverk, drift av distribusjonsnett, televerksemd og anna verksemd som hovudsakleg er utleige av lokale, jf. note 16.

**VASSMAGASINBEHALDNING**
I samsvar med etablert praksis i kraftforsyninga er ikkje magasinbehaldning for deleigde verk teke med i balansen. For informasjon om magasinbehaldning i deleigde verk, sjå note 15.
Gjeld følgjande kraftstasjonar; Øyberget, Framruste og Skjåk 1.

**OVERFØRINGSVERKSEMD**
Kvart år vedtek NVE inntektsrammer for nettselskapa og kor mykje kvart einskild selskap kan inntektsføre som nettleige. Dersom dei faktiske nettleigeinntekter etter fakturering blir lågare, blir differansen bokført som mindreinntekt, det vil seie at nettselskapet har til gode nettleige hos kunden. Blir faktiske nettleigeinntekter høgare, blir differansen bokført som meirinntekt og kunden har til gode hos nettselskapet, jf. note 17.

**ENDRING AV REKNESKAPSPRINSIPP OG TIDLEGARE ÅRS FEIL**
Som hovudregel vert resultat av endring av rekneskapsprinsipp og tidlegare år sine feil ført direkte mot eigenkapital.

**PENSJONAR**
Pensjonsansvaret til Skjåk Energi er dekka gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Den ytingsbaserte pensjonsordninga er vurdert til noverdi av dei framtidige pensjonsytingar som i rekneskap er vurdert som opptent på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurdert til verkeleg verdi. Endring i pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, vert fordelt over antatt gjennomsnittleg attståande opptenignstid. Akkumulert verknad av endringar i estimat og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinster og tap) av det som er størst av pensjonsforpliktingar og pensjonsmiddel ved starten av året vert ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verknaden er over 10 %-grensa ved starten av året, vert det resultatføring av det overskytande over antatt gjennomsnittleg opptenings-tid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

**KORONAPANDEMI**
Viruset COVID-19 (koronaviruset) braut ut på slutten av 2019 og i Norge vart det sett i gang strenge tiltak frå mars 2020 for å forsøke å redusere talet på smitta og sjuke. Koronautbrotet har ikkje påverka omsetnaden vår av kraft og nettleige i 2020 i vesentleg grad. Likviditetet har heller ikkje vore påverka i nemneverdig grad av at nokre av næringskundane våre har hatt redusert eller inga drift i periodar med strenge restriksjonar frå myndigheitene.

Når det gjeld tilgangen på arbeidskraft, er Skjåk Energi er ei lita bedrift og vll bli påverka i stor grad dersom fleire av dei tilsette blir sjuke. Vi har sikra at beredskapen er intakt og det vart sett i gang tiltak for å sikre forsvarleg beredskap i området vårt.

Av omsyn til våre kundar har det vore avgrensa utrulling av AMS i 2020, og det same gjeld for tilsynsarbeid. Vi har arbeidd med fiberutbygging der vi ikkje har kontakt med kundane våre.

**NOTE 2**
**FINANSIELL MARKNADSRISIKO**
Skjåk Energi bruker ulike finansielle instrument i styringa av finansiell risiko.

**RENTERISIKO**
Det er to forhold som kan gje renterisiko for bedrifta: 1) viss bedrifta har lån med flytande rente, og 2) kapitaldelen for bedrifta si inntektsramme for nett er eksponert for rentenivået. Desse to forholda har motsett eksponering for renteendring. Rentestigning vil auke lånekostnaden, men vil samstundes gje auka nettinntekter. Skjåk Energi har eitt ansvarleg lån med fast rente. Elverket har ingen lån utover dette.

**VALUTARISIKO**
Skjåk Energi har ikkje lån plassert i utanlandsk valuta. Ein mindre del av likvide middel er plassert i euro pr. 31.12. Omsetnad av kraft over børsen Nord Pool blir rekna i euro. Oppgjera er omrekna og fakturert i norske kroner. Bedrifta er avhengig av forholdet mellom kursen i euro og norske kroner.

**RISIKO VED KRAFTHANDEL**
Risikoen ved krafthandel består i hovudsak av prisrisiko og volumrisiko. Kraftprisen er marknadsbasert og prisvariasjonane i kraftmarknaden er store samanlikna med andre råvaremarknader.

Krafttilgangen hos Skjåk Energi er samansett av konsesjonskraft, som har fast volum, samt produksjonsdelar som vil variere etter blant anna magasin-/snø-/ og nedbørssituasjon. Mengda overskotskraft vil variere med mengda produsert kraft i forhold til mengda kraft seld til sluttbrukarar i Skjåk kommune. Forbruket til sluttbrukarane vil vere avhengig av temperatur og vêrforhold, samt marknadsdelen i kommunen.

Dei fleste kraftkontraktane er finansielle, men bedrifta har nokre få fysiske kraftavtaler. Det føreligg ein prisrisiko og ein skatterisiko knytt til kraftomsetning ved å selje kraftproduksjonen på kontraktar.

Risiko ved krafthandel inneheld såleis ulike element som dreg i ulik retning. Det er vedtekne rammer for sikring av priser i samband med sal av overskotskrafta.

Selskapet har ein definert risikostrategi som skal bidra til å sikre avsetning av overskotskraft til ein god og forutsigeleg pris. Prissikringa for sal av overskotskraft vert sett på i eit tre års perspektiv og i 2020 var det ein realisert vinst på 2,6 millionar.

## NOTE 3
## LØNSKOSTNADER OG YTINGAR, GODTGJERINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

| Lønskostnader | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Løningar | 9 327 | 9 030 |
| Arbeidsgjevaravgift | 782 | 897 |
| Pensjonskostnader | 1 323 | 1 869 |
| Andre ytingar | -1 204 | 158 |
| **Sum** | **10 228** | **11 954** |
| | | |
| Tal på årsverk | 14,5 | 14,5 |

Selskapet har i 2020 sysselsett 15 årsverk.

**PENSJONSFORPLIKTINGAR**
Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Styret |
|---|---|---|
| Løn | 1 016 | 173 |
| Pensjonskostnader | 95 | 0 |
| Anna godtgjering | 6 | 0 |
| **Sum** | **1 117** | **173** |

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til dagleg leiar og styret.

**REVISOR**
Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2020 utgjer 238 tusen kroner ekskl. meirverdiavgift.

I tillegg kjem honorar for andre tenester med 89 tusen kroner ekskl. meirverdiavgift.

## NOTE 4
## YTINGSPENSJON

Pensjonsansvaret til Skjåk Energi er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse og tilfredsstiller lovreglane til pliktig tenestepensjonsordning. Ordninga gjev ei definert yting i forhold til tariffavtala i kommunal sektor. Skjåk Energi er også ansvarlege for pensjonsforpliktingar for tidlegare tilsette på installasjonsavdeling og elektrobutikk. Det er sett av for netto pensjonsforpliktingar, som del av skuldig tenestekjøpskostnad hos Øvre Otta DA og Opplandskraft DA.

| | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Noverdi av pensjonsoppteninga i år | 1 732 | 1 988 |
| Rentekostnad på pensjonsforpliktinga | 1 512 | 1 705 |
| **Administrasjonskostnader/rentegaranti** | **100** | **101** |
| Avkastning på pensjonsmidlar | -2 101 | -2 175 |
| Arbeidsgjevaravgift | -65 | -71 |
| Eigenandel tilsette 2 % | -218 | -213 |
| Tilskot sikringsordninga | 8 | 9 |
| Resultatført aktuarielt tap/gevinst | 354 | 524 |
| **Netto pensjonskostnad** | **1 323** | **1 869** |

| | | |
|---|---|---|
| **Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12.** | **72 461** | **71 643** |
| Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) per 31.12. | -59 659 | -53 893 |
| Ikkje resultatført aktuarielt vinst/tap 31.12 | -13 120 | -17 424 |
| Netto pensjonsforplikting | -317 | 326 |
| Arbeidsgjevaravgift | -20 | 21 |
| Pensjonsforplikting deleigde verk | 475 | 421 |
| Balanseført pensjonsforplikting | 138 | 768 |

I balansen er netto pensjonsfopliktelse Skjåk Energi balanseført med 338 tusen kroner på langsiktige krav, medan pensjonsforpliktingar deleigde verk er balanseført som gjeld på pensjonsplikter med 475 tusen kroner.

| Økonomiske føresetnader for utrekning av pensjonskostnaden | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 1,7 % | 2,30 % |
| Forventa avkastning på pensjonsmidlar | 3,10 % | 3,80 % |
| Forventa lønsvekst | 2,25 % | 2,25 % |
| Forventa G-regulering | 2,00 % | 2,00 % |
| Forventa regulering av pensjonar | 1,24 % | 1,24 % |

| Medlemstatus | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Aktive | 17 | 16 |
| Oppsette | 19 | 19 |
| Pensjonistar | 21 | 21 |

**NOTE 5**
**BANKINNSKOT**

Av bankinnskott/likvide middel på 20 038 , er 700 midlar på skattetrekks-konto (bundne midlar). Skuldig skattetrekk pr. 31.12.2020 er 614.

**NOTE 6**
**LAGER**

| | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Lager av reservemateriell | 1 698 | 890 |
| Lager av målarar | 266 | 79 |
| Total lagerverdi | 1 964 | 969 |
| Ukurans | 0 | 0 |
| **Sum** | **1 964** | **969** |

Årsaken til at lagerverdi er vesentleg høgare pr. 31.12.2020 enn pr. 31.12.2019 er at planlagt arbeid i 2020 er forseinka på grunn av restriksjonar for å avgrense koronapandemien. Det største prosjektet i 2020, omlegging av spenningssystem og nye trafoer i tunnelane på RV15 Skjåk - Stryn, vart ikkje ferdig før nyttår og blir først fullført i 2021.

Tilsvarande har utrulling av AMS vorte forseinka på grunn av restriksjonar, der vi har i store periodar ikkje har kunne vore inne hos kundane for å skifte målarar.

**NOTE 7**
**ANSVARLEG LÅN**

| | Opprinneleg lånebeløp | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|---|
| Ansvarleg lån Skjåk kommune frå 2005 | 93 025 | 91 000 | 93 000 |
| **Sum ansvarleg lånekapital** | **93 025** | **91 000** | **93 000** |

Av ansvarleg lån frå Skjåk kommune på opprinneleg kr 93 024 805, forfell alt til betaling meir enn fem år etter rekneskapsåret sin slutt. Lånet har fastrente. Rentesats i 2020 var 2,75 %, medan rentesatsen i 2019 var 2,5 %.

**NOTE 8**
**KUNDEFORDRINGAR**

| | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Kundefordringar til pålydande | 8 666 | 14 425 |
| Avsetning til tap | 500 | 500 |
| **Balanseført verdi av kundefordringar 31.12** | **8 166** | **13 925** |

| | | |
|---|---|---|
| Endring i avsetning til tap | 0 | -500 |
| Realiserte tap | 89 | 793 |
| **Sum resultatførte tap på krav** | **89** | **293** |

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.

## NOTE 9
## AKSJER OG DELAR I ANDRE SELSKAP

| Anleggsmidlar | Kostpris | Eigardel | Balanseført verdi |
|---|---|---|---|
| Nettalliansen AS | 22 | 3,70 % | 22 |
| Eidsiva Bredbånd AS | 2 711 | 0,24 % | 2 711 |
| Fondsandelar KLP | 4 214 | | 4 197 |
| Marlo Grendahus | 1 | | 1 |
| Del av EK-innskot KLP deleigde verk | 81 | | 81 |
| Grunnkapital opplæringskontoret for Elfag | 15 | | 15 |
| Eigekapitalinnskot KLP | 1 757 | | 1 757 |
| Pensjonsmidler | 338 | | 338 |
| **Sum** | **9 138** | | **9 121** |

Alle aksjar og delar er vurdert som anleggsmidlar.

## NOTE 10
## DELEIGDE VERK

Øvre Otta DA og Opplandskraft DA er brutto deltakarlikna. Det er arbeidd inn 7 % av resultat- og balansepostane til Øvre Otta DA. Tilsvarande er det arbeidd inn delar av Opplandskraft DA sine resultat- og balansepostar, som utgjer 16,5 % av Skjåk 1 og 1,6 % av felles verksemd hos Opplandskraft DA.

## NOTE 11
## TAL AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.M.

| Aksjekapital | Tal | Pålydande | Balanseført |
|---|---|---|---|
| Ordinære aksjar | 30 000 | 334 | 10 020 |

Alle aksjane gjev same rettar i selskapet

Skjåk Energi AS hadde ein aksjonærar per 31.12.2020.

| Aksjonærar | Ordinære aksjar | Eigardel | Stemmedel |
|---|---|---|---|
| Skjåk kommune | 30 000 | 100 % | 100 % |
| **Totalt tal aksjar** | **30 000** | **100 %** | **100 %** |

## NOTE
## 12 SKATT

| SKATTEKOSTNAD DETTE ÅRET | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Resultatført skatt på ordinært resultat: | | |
| Skatt som skal betalast | -953 | 6 848 |
| Endring i utsett skattefordel | 906 | 880 |
| **Skattekostnad ordinært resultat** | **-47** | **7 727** |
| | | |
| Skattepliktig inntekt: | | |
| Ordinært resultat før skatt | 2 249 | 9 175 |
| Permanente skilnader | 0 | -1 349 |
| Endring i mellombelse skilnader | -4 199 | -2 904 |
| **Skattepliktig inntekt** | **-1 950** | **4 921** |
| | | |
| Skatt i balansen som skal betalast: | | |
| Skatt på resultatet dette året som skal betalast | 0 | 1 183 |
| Avrekna mot naturressursskatt | -876 | -862 |
| Naturressurskatt | 876 | 862 |
| Grunnrenteskatt | 0 | 5 573 |
| **Sum skatt i balansen som skal betalast** | **0** | **6 756** |

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader.

| | 2020 | 2019 | ENDRING |
|---|---|---|---|
| Varige driftsmiddel | -4 846 | -6 671 | -1 825 |
| Fordringar | -185 | -45 | 139 |
| Andre avsetningar mv. | 0 | -302 | -302 |
| Pensjonspremie/- forplikting | -138 | -768 | -630 |
| Andre skilnader | 1 890 | 309 | -1 581 |
| **Sum** | **-3 278** | **-7 477** | **-4 199** |
| Inngår ikkje i utrekninga av utsett skatt | -1 950 | 0 | 1 950 |
| **Grunnlag for utsett skattefordel** | **-5 228** | **-7 477** | **-2 249** |
| **Utsett skattefordel (22 %)** | **-1 150** | **-1 645** | **-495** |

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt grunnrente

| | 2020 | 2019 | ENDRING |
|---|---|---|---|
| Varige driftsmiddel | -5 233 | -6 398 | 1 165 |
| Pensjonsforpliktingar | -475 | -421 | -54 |
| **Grunnlag for utsett skattefordel grunnrente** | **-5 708** | **-6 819** | **1 111** |
| **Utsett skattefordel grunnrente (37 %)** | **-2 112** | **-2 523** | **-411** |

## NOTE 13
## EIGENKAPITAL

| | Aksjekapital | Overkurs | Annan innskoten eigenkapital | Annan eigenkapital | Sum eigenkapital |
|---|---|---|---|---|---|
| Per. 31.12.2019 | 10 020 | 47 965 | 0 | 4 078 | 62 063 |
| Endringar førte mot EK | | | | 0 | 0 |
| Resultatdisponeringer | | | | 1 148 | 1 148 |
| **Per 31.12.2020** | **10 020** | **47 965** | **0** | **5 226** | **63 211** |

## NOTE 14
## MAGASINBEHALDNING FOR DELEIGDE VERK

Magasinbehaldningar/-endringar er ikkje arbeidd inn i rekneskapen.
Ved utgangen av rekneskapsåret var produksjon og behaldningar slik:

| | | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Produksjon i året (i GWh): | Øyberget (7 %) | 27,82 | 25,36 |
| | Framruste (7 %) | 23,00 | 21,95 |
| | Skjåk 1 kraftverk (16,5 %) | 19,61 | 17,88 |
| Estimert gjennomsnittleg årsproduksjon siste 10 år (i GWh): | Øyberget (7 %) | 26,51 | 25,78 |
| | Framruste (7 %) | 23,13 | 22,60 |
| | Skjåk 1 kraftverk (16,5 %) | 18,55 | 17,92 |
| Magasinbehaldning (i GWh): | Øyberget (7 %) | 4,54 | 3,68 |
| | Framruste (7 %) | 9,62 | 7,78 |
| | Skjåk 1 kraftverk (16,5 %) | 11,70 | 9,31 |
| Gjennomsnittleg magasinbehaldning siste 10 år (i GWh): | Øyberget (7 %) | 3,76 | 3,76 |
| | Framruste (7 %) | 7,97 | 7,97 |
| | Skjåk 1 kraftverk (16,5 %) | 9,55 | 9,55 |

**NOTE 15**
**ANLEGGSNOTE**

| | Bygningar og tomter | Driftsløsøre, inventar ol. | Overførings-anlegg | Vasskraft-anlegg |
|---|---|---|---|---|
| **Innkjøpskostnad pr. 01.01.20** | **17 061** | **13 154** | **65 438** | **101 751** |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | 147 | 767 | 3 078 | 18 |
| Avgang i året | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Innkjøpskostnad 31.12.20** | **17 208** | **13 921** | **68 516** | **101 769** |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12.20 | 9 212 | 10 217 | 44 448 | 36 478 |
| **Bokført verdi 31.12.20** | **7 996** | **3 703** | **24 068** | **65 291** |
| Ordinære avskrivingar, dette året | 299 | 824 | 1 498 | 1 134 |
| Økonomisk levetid | 25-50 år | 3-12 år | 15-50 år | 3-100 år |

| | Anlegg i arbeid | Teleanlegg | Sum |
|---|---|---|---|
| **Innkjøpskostnad pr. 01.01.20** | **291** | **19 033** | **216 728** |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | 2 191 | 2 708 | 8 908 |
| Avgang i året | -264 | | -264 |
| **Innkjøpskostnad 31.12.20** | **2 218** | **21 741** | **225 373** |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12.20 | | 4 769 | 105 125 |
| **Bokført verdi 31.12.20** | **2 218** | **16 972** | **120 248** |
| Ordinære avskrivingar, dette året | | 827 | |
| Økonomisk levetid | | 25 år | |

## NOTE 16
## RESULTAT FORDELT ETTER VERKSEMD

| | Kraftsal | Produksjon | Overføring | Televerksemd | Øvrig | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kraftsal | 10 321 | 10 992 | | | | 21 313 |
| Nettleigeinntekter | | | 19 263 | | | 19 263 |
| Andre driftsinntekter | | | | 1 568 | 1 941 | 3 509 |
| **Sum driftsinntekter** | **10 321** | **10 992** | **19 263** | **1 568** | **1 941** | **44 085** |
| Energikjøp | 4 961 | 1 317 | | | | 6 278 |
| Overføringskostnader | | | 3 590 | | | 3 590 |
| Varekjøp | | | | | 743 | 743 |
| Lønskostnader | 2 209 | 688 | 6 144 | 307 | 881 | 10 229 |
| Avskrivingar | 149 | 1 146 | 2 279 | 838 | 170 | 4 582 |
| Andre driftskostnader | 1 571 | 8 153 | 4 434 | -320 | 559 | 14 397 |
| **Sum driftskostnader** | **8 890** | **11 304** | **16 447** | **825** | **2 353** | **39 820** |
| **Driftsresultat** | **1 431** | **-312** | **2 816** | **743** | **-412** | **4 266** |

## NOTE 17
## MONOPOLVERKSEMD

Overføringsverksemda til energiverk er regulert gjennom fastsette reglar for kostnadsberekning/-fordeling og inntektsramme. Regelverket blir administrert av NVE, som fastsett ei inntektsramme for overføringsverksemda kvart år. Meir- eller mindreinntekta vert rekna ut frå om overføringsverksemda har teke inn høgare nettleige enn ramma eller ikkje. Meirinntekt skal attendeførast til kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. Mindreinntekt kan krevjast attende frå kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år.

| Resultat nettdrift | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 17 916 | 17 520 |
| Meir(-)-/mindreinntekt(+) i år | 1 348 | 1 148 |
| Driftskostnader | -16 447 | -16 846 |
| Driftsresultat | 2 817 | 1 822 |

| Meir-/mindreinntekt | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Inntektsramme for året | 15 730 | 16 243 |
| Kostnader overliggande nett | 3 385 | 2 467 |
| KILE | -278 | -185 |
| Eigedomsskatt | 709 | 354 |
| Innbetalte Elhubgebyrer | 172 | 0 |
| Godkjende FoU-kostnader | 6 | 0 |
| Avvik avskriving og avvik avskrivingsgrunnlag | -460 | -210 |
| Tillaten inntekt | 19 264 | 18 669 |
| Faktisk inntekt | -17 916 | -17 520 |
| Berekna meir(-)-/mindreinntekt(+) | 1 348 | 1 149 |

| Endringar i meir-/mindreinntekt i året | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Akkumulert meir(-)/mindreinntekt inkl. renter 01.01 | -302 | -1 434 |
| Meir(-)/mindreinntekt (+) for året | 1 348 | 1 148 |
| Renter på meir(-)/mindreinntekt(+) | 4 | -16 |
| Akkumulert meir(-)/mindreinntekt(+) inkl. renter 31.12 | 1 050 | -302 |

| Balanse/avkastningsgrunnlag | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Sum driftsmidlar etter fordeling 01.01 | 28 684 | 28 082 |
| Sum driftsmidlar etter fordeling 31.12 | 30 265 | 28 684 |
| Gjennomsnitt driftsmidlar | 29 475 | 28 383 |
| Avkastningsgrunnlag (gj.snitt. driftsmidlar + påslag for arbeidskapital 1 %) | 29 769 | 28 667 |
| Avkastning (driftsresultat*100/avkastningsgrunnlag) | 9,46 % | 6,36 % |

## NOTE 18
## SPESIFIKASJON AV DRIFTSKOSTNADER

| | 2020 | 2019 |
|---|---|---|
| Honorar | 996 | 690 |
| Kostnader eigedom | 604 | 588 |
| Leigekostnader maskiner og utstyr | 94 | 173 |
| Mindre kjøp av utstyr og maskiner | 1 136 | 1093 |
| Reparasjoner og vedlikehald utstyr og anlegg | 360 | 357 |
| Kontorkostnader inkl. IT-kostnader | 2 687 | 2 321 |
| Kostnader transportmiddel | 388 | 278 |
| Kurs, møte og reisekostnader | 155 | 313 |
| Sal- og reklamekostnader | 327 | 792 |
| Kontingenter | 461 | 326 |
| Forsikringar og garantikostnader | 191 | 108 |
| Eigedomsskatt | 1 803 | 851 |
| Andre driftskostnader inkl. deleigde verk | 5 150 | 5 495 |
| Tap på fordringar | 89 | 365 |
| **Sum driftskostnader** | **14 441** | **13 749** |

# MELDING FRÅ REVISOR



MEDLING FRÅ REVISON / 038

EY Building a better working world

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Storgt. 132, NO-2615 Lillehammer

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00
www.ey.no
Medlemmer av Den norske revisorforening

**UAVHENGIG REVISORS BERETNING**

Til generalforsamlingen i Skjåk Energi AS

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Skjåk Energi AS som består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2020, og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i avsnittet *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med de relevante etiske kravene i Norge knyttet til revisjon slik det kreves i lov og forskrift. Vi har også overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon

Øvrig informasjon omfatter informasjon i selskapets årsrapport bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for den øvrige informasjonen. Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke den øvrige informasjonen, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet eller kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

### Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvikle selskapet eller legge ned virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil og er å anse som vesentlig

Penneo Dokumentnøkkel: 0WK7X-LXC0E-AP4T1-ZMWVC-P0HH7-H7O2X

A member firm of Ernst & Young Global Limited

MEDLING FRÅ REVISON 039



EY
Building a better working world

dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll;
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll;
- vurderer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige;
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det foreligger vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet. Hvis slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, må vi modifisere vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapets evne til fortsatt drift ikke lenger er til stede;
- vurderer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen, tidspunktet for vårt revisjonsarbeid og eventuelle vesentlige funn i vår revisjon, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom vårt arbeid.

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Lillehammer, 16. april 2021
ERNST & YOUNG AS

*Revisjonsberetningen er signert elektronisk*

Rune J. Baukhol
statsautorisert revisor



A member firm of Ernst & Young Global Limited

Penneo Dokumentnøkkel: 0WK7X-LXC0E-AP4T1-ZMWVC-P0HH7-H7O2X


2020

# Årsrekneskap 2020
# Skjåk Energi AS

Årsmelding 2020
Økonomiske og tekniske nøkkeltal
Samfunnsrekneskap og sosialt ansvar
Resultat
Balanse
Kontantstrømoppstilling
Noter
Revisjonsmelding

Org.nr.: 920 295 975

## Årsmelding 2020 for Skjåk Energi AS

**DRIFTSSKILDRING OG LOKALISERING**
Skjåk Energi AS er eit selskap der drifta omfattar distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile Skjåk kommune, samt dei delar av tunnelanlegga på riksveg 15 Skjåk - Stryn som ligg i Stryn. Skjåk Energi forvaltar diverse kraftrettar for Skjåk kommune og eig rettar på uttak av produksjon i kraftverka Skjåk 1, Øyberget og Framruste. Elverket har engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk og sel og monterar solcelleanlegg. Selskapet er lokalisert i Skjåk kommune og er eit aksjeselskap eigd av Skjåk kommune. Skjåk Energi, tidlegare Skjåk kraftverk, vart etablert i 1919.

**VÅR VISJON**
Saman skapar vi verdiar for bygda vår.

**VÅRE VERDIAR**
Pålitelege, framsynte, pågangsmot og humør.

**FORRETNINGSIDÉ:**
Vi skal vere ein framtidsretta verdiskapar med kunderetta verksemd innan fornybar energi, infrastruktur, smartstraum og tilknytte tenester innan marknaden vår.

**SAMANSETJING AV ELVERKSTYRET I 2020:**
Styret består av fem medlemmer, blant desse ein representant for dei tilsette.

Hans Sæther (leiar)
Odd Jan Hølmo (nestleiar)
Thea Mork Kummen
Sissel Guddal Brenna
Oddbjørn Sperstad (valt av dei tilsette)

Det har vore 7 styremøte i 2020 og styret har handsama 44 saker gjennom året.

**KRAFTOMSETNAD**
Totalt disponerte Skjåk Energi ei kraftmengde på 120,4 GWh i 2020. Sal av kraft til sluttbrukarar i Skjåk var på 47,7 GWh i 2020. Dette utgjer ein gjennomsnittleg marknadsdel på 90 % av kraftkundane i Skjåk i 2020.
Skjåk Energi mottek årleg sju prosent av produksjonen i kraftverka Øyberget og Framruste og gjennom Skjåk kommune ein rett på årleg uttak på 16,5 % av produksjonen i kraftverket Skjåk 1. Delane av Øvre Otta DA og Opplandskraft DA er innarbeidd brutto i rekneskapen for Skjåk Energi og elverket svarar for overskotsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt.

**OVERFØRINGSVERKSEMD**
Total inntektsramme for 2020 var 15,730 millionar kroner. Skjåk Energi hadde inntekter frå nett på 17,8 millionar kroner i 2020. Bokført mindreinntekt pr. 31.12.2020 er 1,05 millionar kroner etter auke med årets mindreinntekt på 1,35 millionar kroner. I 2019 var det bokført ei meirinntekt på 0,3 millionar kroner.
Det vart målt 55,1 GWh inn på nettet i 2020. Totalt forbrukt mengde timesmålte anlegg var 53 GWh i 2020. Nettapet var på 2,1 GWh, og utgjer 3,8 % av mengde mata inn på nettet.

Totalt har det vore 31 utkoplingar og driftsforstyrringar i 2020, medan det var 33 utkoplingar i 2019. KILE (kompensasjon for ikkje levert energi) i 2020 var på0,319 millionar kroner. Kostnaden i 2019 var på 0,134 millionar kroner.

Det vart skifta 1200 AMS-målarar i 2020, sjølv om det på grunn av restriksjonar i samband med Covid-19 vart utfordringar og utsetjingar. I samarbeid med Statens Vegvesen er nå alle 12 nettstasjonane i tunellane på RV-15 Skjåk -Stryn oppgradert frå IT 230V til TN-C 400V-anlegg. Vi har bygd ut straumforsyning til bustadfeltet Skeid III samt vidare utbygging av Bismo Industriområde. Elles har det vore årleg synfaring og vedlikehald av høgspentlinjer og nettstasjonar samt skogrydding av linjetraséar.

**DET LOKALE ELTILSYN (DLE)**
Krav til DLE er fastsett med heimel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr, § 9, og DSB si plikt til å føre kontroll med DLE si verksemd. Kostnadar til DLE er inkludert i inntektsramma for nettselskapet, fastsett av NVE, og er følgjeleg ei teneste som kundane til nettselskapa betaler for. Tilsynsplanen bestemmer minstekravet til DLE si verksemd. Alle funn som blir registrert under kontrollane ute hos kundane, blir rapportert til DSB sentralt. Tilsynsplanen legg føringar og prioriteringar for dei satsingsområda som er viktige. Etter godkjent tilsynsplan for 2020 skulle det gjennomførast 135 kontrollar, totalt vart det gjennomført 30 kontrollar. Det store avviket skuldast strenge restriksjonar for å hindre spreiing av Covid-19, der vi vart oppfordra til å unngå heimebesøk.
DLE har i 2020 ikkje kunne vore med på Aksjon bustadbrann og Brannvernveka på grunn av restriksjonane og dette var i samråd med brannvesenet. Elverket sponsa tur for 7. og 10. klassane i Skjåk til Energisenteret på Hunderfossen.

**FIBERVERKSEMD**
I 2020 vektla Eidsiva Breiband fortettingsalg,og det resulterte i 41 fleire "Fiber til Heimen"- kundar (FTH-kundar) og to nye bedriftskundar. Skjåk Energi er godt i gang med å kople opp FTH-kundar mot grensa til Lom. Målet var å bli ferdig til jul, men restriksjonar mot spreiing av Covid-19 førte til at vi ikkje rakk målet vårt. Totalt vart 25 av 61 anlegg ferdige før nyttår.

**RETTVISANDE OVERSIKT OVER UTVIKLING OG RESULTAT**
Omsetninga i elverket var på 44,1 millionar kroner i 2020 , medan omsetninga var 64,5 millionar kroner i 2019. Selskapet har hatt ein omsetningsnedgang på 32 %. Hovudårsaken til nedgangen i omsetning er ein reduksjon på spotprisen med 74 % frå 2019 til 2020.
Driftsresultatet vart 4,3 millionar kroner i 2020, som gjev ein driftsmargin på 9,7 %. Resultat før skatt vart 2,2 millionar kroner, medan resultat før skatt var 9,2 millionar kroner i 2019.
Resultat etter skatt vart 2,3 millionar kroner, i 2019 var resultatet 1,4 millionar kroner etter skatt.

Netto finanskostnader på 2,0 millionar kroner inkluderer 2,5 millionar kroner i renter på ansvarleg lån til eigar. Skjåk Energi har eitt ansvarleg lån hos eigar på 91,0 millionar kroner

Dei samla investeringane i selskapet var på 11,4 millionar kroner i 2020.

Likviditetsbehaldninga til elverket i bankinnskott og kontantar var 20,0 millionar kroner pr.31.12.2020. Likviditeten til elverket er vurdert som svært tilfredsstillande og evna til å eigenfinansiere investeringar er god. All kortsiktig gjeld pr.31.12.2020 kan løysast inn med dei mest likvide midlane.
Totalkapitalen ved utgangen av året var 167,3 millionar kroner. Eigenkapitaldelen er på 37,8 %, i 2019 var eigenkapitaldelen på 34,2 %.

